



## *Vedlegg 2 sak HNK 2.februar 2016, ESA 16/340*

# **Retningslinjer for arbeidsdeling i finansieringssaker**

## **Rolledeling mellom Innovasjon Norge og fylkeskommunen**

Rolledeling mellom IN sine bedriftsretta tiltak og fylkeskommunen sine tilretteleggande tiltak vert klargjort slik:

- Søknader frå bedrifter / prosjekt direkte retta inn mot bedrifter, bransjar eller etablerarar skal handsamast av Innovasjon Norge. Saker som er i ei gråsone skal drøftast nærare.
- Søknader som har utvikling av innovative miljø eller er tilrettelegging for etablerararbeid som målsetting, vert i dag finansiert både av fylkeskommunen og Innovasjon Norge. Dette vert løyst ved dialog i konkrete saker. Dei som står bak slike søknader kan vere ei gruppering av offentlege og private aktørar / prosjekt retta inn mot mange bedrifter og eit eller fleire kompetansemiljø.
- Søknader om tilrettelegging for næringsutvikling vert handsama av fylkeskommunen.
- Midlar til destinasjonsselskapa er løyvde gjennom toårige avtalar 2016-2017. Pengane som destinasjonsselskapa eller regionane får, skal ikkje bli brukt i prosjekt der også fylkeskommunen eller Innovasjon Norge er inne. Berre i særskilte tilfelle kan kommunalt næringsfond vere kommunal eigendel i søknader til fylkeskommunen og Innovasjon Norge.
- Midlar til regionråda gitt etter avtale mellom råda og fylkeskommunen, skal ikkje bli brukt i prosjekt der også fylkeskommunen eller Innovasjon Norge er inne.
- Søknader om tilskot til infrastrukturtiltak i reiselivet vert handsama av fylkeskommunen. I hovudsak gjeld ikkje dette bygging av fysiske installasjonar. Innovasjon Norge kan støtte forstudiar knytt til infrastrukturtiltak som omhandlar anlegg og fysiske installasjonar for mellom anna å vurdere marknadspotensialet for anlegget.

## **Rolledeling mellom Innovasjon Norge og kommunane**

### Prinsipp for arbeidsdeling:

Kommunane skal konsentrere sitt arbeid om etablerarar og småskala næringsliv. Mindre bedrifter og personar som ikkje har eit kundeforhold til IN, bør som hovudregel ha førstekontakten mot kommunen. Bedrifter som har eit forhold til Innovasjon Norge frå før, og større etablerte bedrifter forhold seg normalt direkte til IN sitt distriktskontor. Når det gjeld bygdeutviklingsmidlane er det ei klar rolledeling mellom kommunane og IN, nedfelt i ei eiga forskrift.

Kommunane er normalt første kontaktpunkt i tidleg fase og ein samtalepartner for foredling og vidareutvikling av bedrifta eller etableraren sin ide. Kommunane må kunne yte praktisk bistand i oppstarts- eller planleggingsfasen. Dei minste bedriftene og entreprenørane har ei rekkje behov for tenester og service som dei bør ha tilgang til i kommunen:



- Rådgeving
- Nettverk
- Mobilisering
- Finansiering

Både fylkeskommunen og Innovasjon Norge må medverke til kompetanseutvikling slik at kommunane kan utføre si rolle som førstelineteneste på ein god måte. Når det gjeld verkemiddelapparatet framstår dette som komplisert for mange etablerarar. Regionalt nivå må saman søke å forenkle verkemidla, og styrke informasjonen om eit samordna verkemiddelapparat.

#### Nærare om kommunal næringsplanlegging

Fylkeskommunen krev at kommunen har ein plan for sitt næringsretta arbeid som del av sitt overordna planverk. Dette kan både vere i form av ein eigen næringsplan, eller som ein del av kommunal planstrategi. Vi ventar oss planar som er gode verktøy, som dreg opp det langsiktige strategiske utviklingsarbeidet, som inneheld ein verkemiddelpolitikk for finansiering av initiativ frå bedrifter og etablerarar og som legg til rette for tett samarbeid mellom kommune - næringsliv. Det er også viktig at kommunane evnar å vere konkrete i prioritering av tiltak t.d. gjennom ein årleg handlingsplan.

Innovasjon Norge skal vere samtalepartner for kommunane i utvikling av retningslinjer for den direkte bedriftsretta bruken av kommunale næringsfond / kraftfond (utvikling av ein kommunal verkemiddelpolitikk). Ein godt formulert verkemiddelpolitikk kan t.d. bidra til å klargjere rolledeling i bedriftsfinansieringssaker – jf. neste avsnitt. Målet er at søkjarar skal sleppe å oppleve uklar rolledeling eller komplisert samfinansiering mellom IN sine bedriftsretta verkemiddel og kommunane sine næringsfond.

Innovasjon Norge skal også vere rådgevar for kommunane i konkrete bedriftsretta saker.

#### Nærare om rolledeling i finansieringssaker

Kommunalt næringsfond skal nyttast til tiltak som fremjar næringsutviklingsarbeidet i kommunen, og då i første omgang til tilrettelegging og støtte til nyetableringar og dei minste bedriftene. Det kan også nyttast til forstudie og forprosjekt, utvikling av nye forretningsområde og lokalmarknadsbaserte prosjekt i større bedrifter.

For 2016 gjeld desse kapitalgrensene med føremål å legge til rette for eit enkelt system for arbeidsdeling mellom kommunar og Innovasjon Norge

- **Investeringsstilskot** til investering i bygg, utstyr og maskiner. Gjeldande grense: søknader med samla kapitalbehov (total kalkyle) inntil kr 500.000 vert finansiert gjennom kommunale næringsfond / kraftfond.
- **Bedriftsutviklingsstilskot** til produktutvikling, marknadsundersøkingar, planlegging, konsulenttenester og opplæring. Gjeldande grense: søknader med samla kapitalbehov



SOGN OG FJORDANE  
FYLKESKOMMUNE



Innovasjon  
Norge

(totalkalkyle) inntil kr 200.000 vert finansiert gjennom kommunale næringsfond / kraftfond. Det er ikkje sett spesielle kapitalgrenser for tilskot til fellestiltak for bedrifter og kompetansehevingstiltak for etablerarar. Det er heller ikkje sett kapitalgrense når det gjeld Innovasjon Norge sitt nye *etablerertilskudd*

<http://www.innovasjonnorge.no/no/finansiering/etablerertilskudd/#.Vo9xTE1IiUk>

*Dette tilskotet rettar seg mot dei som:*

- *har ambisjonar om å utvikle ei vekstbedrift*
- *skal bidra til vesentleg auka verdiskaping og sysselsetting i Norge*
- *representerer noko vesentleg nytt i den marknaden (nasjonal/internasjonalt) dei skal inn i.*

*Gode søknader om etablerartilskot/stipend som ikkje oppfyller desse krava skal handsamast i kommunen.*

Bedriftsfinansieringssaker som ligg over grensene for kapitalbehov skal sendast vidare til IN dersom dei ligg innafor IN sine prioriterte satsingsområde. Parallellfinansiering mellom IN og kommunane skal unngåast, sidan dette gir dobbel sakshandsaming. Innovasjon Norge bør medverke til at kommunane ikkje finansierer søknader som er avslått i IN med bedriftsøkonomisk eller konkurransevridande grunngjeving. Prosjekt som vil få avslag i IN av policygrunnar kan likevel støttast av kommunen etter dialog med IN, eller generelt gjennom avklaring i kommunal verkemiddelpolitikk.